

## Møtebok

### Frå møte i Gol og Herad kyrkjelege fellesråd

**20.april 2023 18.00 - 19.00**

#### **Til stades:**

Gunn – Astrid Frøysok, Olveig Engene, Ole Dag Møllerplass, Hilde Midtgård, Evi - Anita Torp, Arnstein Bleiktvedt, Jorunn Viljugrein Stake.

Björg Møllerplass	møtte for Wenche Dahl – Michelsen Fløysand
Kristin Bakke Haugen	møtte for Heidi Granli (permisjon)
Inger Lagmannsgård	møtte ikkje

#### **SAKER:**

FR-sak 13/23: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll

#### **VEDTAK:**

Fellesrådet godkjenner innkallinga samt møteprotokollen frå 9. mars 2023

FR-sak 14/23: Postliste og orienteringar

#### **VEDTAK:**

Fellesrådet tek orienteringane til etterretning

FR-sak 15/23: Igangsetjing av planer for namna minnelund i Herad

#### **VEDTAK:**

Fellesrådet løyver kr. 50 000 til igangsetjing av planer for namna minnelund i Herad. Pengane blir teke av disposisjonsfondet.

Fullføring av prosjektet må inn på økonomiplanen for 2024 – 2027.

FR-sak 16/23: Rekneskapsrapport og budsjettjustering

#### **VEDTAK:**

Fellesrådet justerer lønnsbudsjettet med kr. 58 000. Pengane blir teke frå disposisjonsfondet.

FR-sak 17/23: Vedtekter for gravplassane i Gol og Herad. -Endeleg vedtak

#### **VEDTAK:**

Gol og Herad kyrkjelege fellesråd vedtek gravplassvedtektene for Gol og Herad slik framlegget ligg føre.

FR-sak 18/23

Registrerte avvik 1. januar 2022 – 1. april 2023

**VEDTAK:**

Melding 2: Fellestrådet vil streke under at fallet på is ved Herad kyrkje var ein person i gravfylgjet, og ikkje ein av dei som var med og bar kista.

Melding 3: Avviket om uhell ved sakristiinggangen i Herad kyrkje gjaldt ein tilsatt.

Fellestrådet tek avviksmeldingane til etterretning og bed kyrkjeverja om å halde fram med å registrere uønska hendingar / forbedringspunkt i samband med HMS-arbeidet.

FR-sak 19/23

Tekstilar til lesepulsten i Gol kyrkje

Fellestrådet har motteke eit brev frå kunstnaren som har laga tekstilane til lesepulsten i Gol kyrkje. Ho meiner tekstilane blir for lite brukt i forhold til det som var intensjonen då dei vart bestilt. Kunstnaren ynskjer å gje eit par av dei til kyrkja der ho vaks opp om Fellestrådet vil opne for det.

Fellestrådet meiner det er veldig fint at tekstilane er laga lokalt, og at me gjerne vil bruke dei i Gol kyrkje. Framover vil tekstilane bli jamnleg brukt. Den grønne med aks skal brukast i openberringstida. Dei sist innkjøpte tekstilane kan også brukast frametter.

**VEDTAK:**

1. Kyrkjeverja og soknepresten svarar ut brevet saman med prosten i Hallingdal.
2. Kvit tekstil med Alfa- og Omegasymbol lyt reinsast.
3. Tekstilane bør oppbevarast forskriftsmessig frametter.